


Lerøy Sjøtroll startar strandrydding alt i denne veka.

24.04.2017



Oppdrettsnæringa Lerøy Sjøtroll startar strandrydding alt i denne veka.

I neste veke, onsdag 3. mai kl. 19, inviterer Uskedal utvikling til møte med tema: Plast, søppel, skrot og anna avfall. SIM vert med på møte. Alt i denne veka vil Lerøy Sjøtroll starta strandrydding rundt Skorpo og på andre sentrale plasser i Storsund. Dette er ei gladmelding i dag frå oppdrettsselskapet v/ Jonny Hansen.

Lerøy Sjøtroll har eige opplegg på strandrydding med arbeidsbåt og sponsa fotballag som arbeidskraft. Jonny Hansen fortel til Uskedalen.no at Lerøy Sjøtroll har midlar som skal brukast på strandrydding. Sidan Lerøy Sjøtroll har anlegg og lokalitet på nordsida av Skorpo, vil det vera naturleg å ta ei rydding i nærrområde.

Alt no, før møte i neste veke, oppmodar Uskedal utvikling lag og organisasjonar til å ta ei intern drøfting om tiltak på deira ansvarsområde. Dette gjeld særleg:

- Eleveeigarlaget om rydding langs elva
- Skule/barnehage om rydding i nærrområde og kring grøntgrasbanen
- Bondelaget om rydding langs kommune- og fylkesveg
- Båtlaget/ camping om rydding i båthamna og nærliggjande område
- Alle som driv næring ryddar sine område. Dette gjeld m.a. på Børneset Industriområde
- Velforeingane i Skorhaug, Korsnes og Halsabrotet
- Kommunen om rydding på Børneskaien
- Uskedal utvikling ryddar turvegane i nærrområde

Saman kan vi gjera ein god jobb for rydding og innsamling av plast og søppel.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kommunen og Skogeigarlaget må ta ansvar for rydding på Børneskaien.